

Ein fin liten blome

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i granskogen diger og dryg, -
og vent mellom mose og lyng han seg ter. Han står der så liten og blyg.
Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd, der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd, til ringaste blom vil han sjå.

Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå, der folk kunne skoda på deg ?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små, eg føddest til skogblome, eg,
Ein dag vil den stormande vinter deg nå, då vert det vel dødsdagen din. –
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på, til vårsola kysser mitt kinn.

Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær, i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er, den høver for vandringa her.
Som blomen om vinteren visnar eg av, men gled meg, for då står eg brud.,
Lat lekamen kvila med fred i si grav, mi sjel, ho er heime hos Gud!

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær, med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber, med bøna eg sovnar kvar kveld.
Og, glad skal eg vakna hos Jesus eingong i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song i himlen, dit døden ei når!